



PROTOKOLL FOR TIME FORMANNSKAP

Møtenr.: 2
Møtedato: 11.03.2026
Tidspunkt: 09:00 - 12:34
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

AP	Karen Hognestad Liland
FRP	Gaute Stokka
H	Andreas Vollsund
H	Gretha Braut Nese Aamodt
H	Kirsten Oma Alstadsæter
H	Ole Jørgen Alstadsæter
KRF	Anders Undheim
SP	Tarald Magne Oma
SV	Beate Aasen Bøe

Frå administrasjonen møtte: Kommunedirektør Trygve Apeland og formannskapssekretær Tone Storesætre

Saklista vart godkjent.

Under orienteringar frå kommunedirektør Trygve Apeland vert møtet lukka etter kompl. § 11-5 b, jf. offl. § 25 grunna orientering om forhandlingar.

Bryne, 11.03.2025

Andreas Vollsund
ordførar

Tone Storesætre
formannskapssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
007/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
008/26	OPPHEVING AV INTERKOMMUNAL KOMMUNEDELPLAN BYBÅNDET SØR - GODKJENNING OPPHEVING AV PLANEN
009/26	INNSPEL TIL FYLKESKOMMUNEN SITT HANDLINGSPROGRAM FOR SAMFERDSEL
010/26	GÅGATE STORGATA - JERNBANEGATA TIL TORGET
011/26	NYTT HØGDEBASSENG PÅ SKJÆRET - INTENSJONSAVTALE MED GREEN MOUNTAIN
012/26	SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI TIL BYGGING AV IDRETTSHALL
013/26	EIGARSTRATEGI 2026 FOR JÆREN HOLDING AS MED JÆREN INDUSTRIPARTNER AS
014/26	HANDLINGSPLAN NÆRING 2026-2030
015/26	REVIDERT AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID MELLOM TIME, KLEPP OG HÅ KOMMUNE OM OPPLÆRING FOR VAKSNE
016/26	REVIDERING AV KULTURPRISANE OG NYTTÅRSMOTTAKINGA - TIME KOMMUNE
017/26	BRYNE SYMJEKLUBB - NY SØKNAD OM EKSTRAORDINÆRT TILSKOT
018/26	REFERATSAKER
019/26	DELEGERTE SAKER

007/26 : Godkjenning av protokoll

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 007/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 04.02.2026 vert godkjent.

008/26 : Oppheving av Interkommunal kommunedelplan Bybåndet sør - Godkjenning oppheving av planen

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 008/26 Vedtak:

Med hjemmel i § 9-3 og § 11 -15 i plan- og bygningsloven godkjenner Time kommunestyre forslag til oppheving av plan 1121.04 «Interkommunal kommunedelplan Bybåndet sør i Time kommune.

009/26 : Innspel til fylkeskommunen sitt handlingsprogram for samferdsel

Time formannskap

Tilleggsforslag frå **Gaute Stokka (FrP)** Pkt. 1. G: Vedr. Fv. 44.

Time kommune ønsker at det blir sett på muligheter for omkjøringsveg fra Braut til Ree el.lign for å lede trafikken utenom Kåsen og Bryne sentrum.

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)**

Stryk punkt 1a og punkt 2b

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 7 røyster, medan 2 røysta for Beate Aasen Bøe sitt forslag (SV, Sp).

Tilleggsforslaget frå Gaute Stokka fekk 1 røyst og falt (FrP).

FSK - 009/26 Vedtak:

1. *Time kommune spelar inn desse prosjekta til fylket sitt handlingsprogram i prioritert rekkefølge:*

- a. *Fv. 505 Omkjøringsveg Kvernelandsvegen*
- b. *Fv 44. Forprosjekt som ser på kryssløysingar fv 44 frå Lalsandsvegen til Orrevegen med tanke på best mogleg trafikkflyt*
- c. *Bygging av regulerte kryssløysningar for fv 506 x fv 505 Kvernelandsvegen og fv 506 Ålgårdsvegen x Lye*

- d. *Realisering av regulert løysing for ny fv 506 Ålgårdsvegen i Salen saman med ny veg til Åsen*
- e. *Venstresvingefelt frå fv 44 til Hauglandsvegen*
- f. *Mindre prosjekt: regulering av gang- og sykkelveg mellom Time kyrkje og Garborgvegen og siktutbedring ved støyvoll busstopp ved Norheimsfeltet*

2. *Andre innspel frå Time kommune:*

- a. *Dobbeltspor på Jærbanen: Realisering av dobbeltsporet må vera regionens viktigaste prioritet i komande NTP.*
- b. *Tverrforbindelsen: Time kommune stiller seg positiv til sørleg trase gjennom kommunen.*
- c. *Finansiering: Fylkeskommunen må ikkje avgrensa lokal medfinansiering til bompengar, det kan også vere bidrag frå næringsliv eller kommunar.*

010/26 : Gågate Storgata - Jernbanegata til torget

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 010/26 Vedtak:

- 1. *Time kommunestyre godkjenner legging av granittstein på strekninga frå Jernbanegata til torget.*
- 2. *Kommunen sin kostnad på 1,2 mill. inkl. mva. vert innarbeida og finansiert i tertialrapporten for 1. tertial 2026.*

011/26 : Nytt høgdebasseng på Skjæret - intensjonsavtale med Green Mountain

Time formannskap

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)**

Time kommunestyre godkjenner ikkje den vedlagde intensjonsavtale mellom Time kommune og Green Mountain om bygging og drift av eit nytt høgdebasseng for vassforsyning på Skjæret.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 7 røyster, medan 2 røysta for Beate Aasen Bøe sitt forslag (SV, Ap).

FSK - 011/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner vedlagde intensjonsavtale mellom Time kommune og Green Mountain om bygging og drift av eit nytt høgdebasseng for vassforsyning på Skjæret.*
2. *Time kommune bestiller byggetrinn II med ei kostnadsramme på 3 mill. Kostnaden vert innarbeida i økonomiplanen for 2027-2030 innanfor ramma avsett til VA-prosjekt.*
3. *Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå endeleg avtale med Green Mountain innanfor rammene i intensjonsavtalen og dette saksframlegget.*

012/26 : Søknad om kommunal garanti til bygging av idrettshall**Time formannskap**

Uttale frå Time idrettsrådet datert 05.03.2026 vart sendt ut før møtet.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 012/26 Vedtak:

1. *Time kommune garanterer med simpel kausjon for lån som Lye IL tek opp til bygging av Fjellhallen.*
2. *Kausjonen gjeld for hovudstolen til lånet på maksimalt 17 500 000 kroner. Det maksimale beløpet som det blir kausjonert for vil bli redusert i takt med nedbetalinga av lånet.*
3. *Kausjonsansvaret gjelder fra 1.4.2026 og opphører 31.12.2046, med tillegg av 2 år.*
4. *Garantien skal godkjennast av Statsforvalteren etter kommunelova §14-19, og garantien er ikkje gyldig utan slik godkjenning.*

013/26 : Eigarstrategi 2026 for Jæren Holding AS med Jæren Industripartner AS**Time formannskap**

Innstillinga frå utval for levekår vart samrøystes vedtatt.

FSK - 013/26 Vedtak:

Time kommunestyre vedtek Hå, Klepp og Time sin reviderte eigarstrategi for Jæren Holding AS og Jæren Industripartner AS.

014/26 : Handlingsplan næring 2026-2030

Time formannskap

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)**

Stryke «Kalberg» og tiltak «regulera for kraftkrevjande industri på Kalberg» s 4.

Forslaget frå Beate Aasen Bøe fekk 2 røyster og falt (SV, Sp).

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 014/26 Vedtak:

Time formannskap vedtar Handlingsplan for næring 2026 - 2030.

015/26 : Revidert avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Time, Klepp og Hå kommune om opplæring for vaksne

Time formannskap

Innstillinga frå utval for levekår vart samrøystes vedtatt.

FSK - 015/26 Vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at revideringa av avtale om administrativt vertskommunesamarbeid er nødvendig for å sikre eitt oppdatert, tydeleg og framtidsretta rammeverk for samarbeidet mellom Time, Klepp og Hå kommune om opplæring for vaksne. Endringane i struktur, presisering av ansvar og rutinar styrkar kvaliteten i tenesta.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner den reviderte avtalen, og at avtalen trer i kraft frå 01.05.2026 og erstattar gjeldande avtale frå 2021.

- *Kommunestyret godkjenner Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Time, Klepp og Hå kommune om opplæring for vaksne*
- *Avtalen trer i kraft frå 01.05.2026 og erstattar avtalen frå 2021*

016/26 : Revidering av kulturprisane og Nyttårsmottakinga - Time kommune

Time formannskap

Forslag frå **Gaute Stokka (FrP)** Idrett- og kulturstipend:

Time kommune endrer ikke på satsene på Idrett og kulturstipend. Ønsker å videreføre kr 25000.- som i dag.

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)**

Foreslår primært: Sette beløp til 30 000 kr per stipend.

Sekundert: Sette beløpa likt som i 2025.

Forslag frå **Ole Jørgen Alstadsæter (H)**

Byggeskikkprisen deles ut hvert andre år dersom det er aktuelle kandidater. Ellers kvart fjerde år.

Forslag frå **Karen Hognestad Liland (Ap)** Vil ha det som det var opprinneleg.

Byggeskikkprisen kan gjes annakvart år dersom det er nokon å gje prisen til. Me vil og gje pengegåve på 20 000 kr.

Forslag frå **Karen Hognestad Liland (Ap)**

25 år på idrettsstipend

28 år på kulturstipend

Forslag frå **Tarald Magne Oma (Sp)** Endra i statuttane for kulturprisen - Timeglaset:

Avgjerd og utdeling: Endra frå "og kan delast ut kvart andre år "til "og kan delast ut kvart år"

Avrøysting

Kr 30 000 per stipend: Forslaget frå Beate Aasen Bøe fekk 1 røyst og falt (SV).

Kr 25 000 per stipend: Forslag frå Beate Aasen Bøe (SV) og Gaute Stokka (FrP) vart vedtatt med 8 mot 1 røyster (KrF).

Byggeskikkpris: Forslag frå Ole J. Alstadsæter vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (SV).

Byggeskikkpris pengegåve: Forslaget frå Karen H. Liland fekk 1 røyst og falt (Ap).

Idrettsstipend alder 25 år: Forslaget frå Karen H. Liland vart samrøystes vedtatt.

Kulturprisen: Forslaget frå Tarald Magne Oma vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt med endringar.

FSK - 016/26 Vedtak:

- Time kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte statuttar gjeldande frå 2026 med endringar:*
 - *Idrett- og kulturstipend: Beløpet blir kr 25 000.*
 - *Byggeskikkprisen blir delt ut annakvart år dersom det er aktuelle kandidatar. Ellers kvart fjerde år.*
 - *Endra i statuttane for idrettsstipend: Aldersgrensa for idrettsstipend 25 år.*
 - *Kulturprisen - Timeglaset: Avgjerd og utdeling: Endra frå "og kan delast ut kvart andre år "til "og kan delast ut kvart år"*
- Utdeling av prisane/stipenda og heider av noregsmeistrane skal halda fram i Storstova, men med reduksjon i kostnader som går fram av saksframlegget.*

017/26 : Bryne symjeklubb - Ny søknad om ekstraordinært tilskot

Time formannskap

Forslag frå Ole Jørgen Alstadsæter (H)

Formannskapet bevilger 25000 kr til Bryne symjeklubb. Beløpet tas av allerede innspart beløp ifm at Sivadambassenget har vært stengt.

Forslag frå Karen Hognestad Liland (Ap)

Time formannskap støtter Bryne symjeklubb med støttebeløpet dei ber om på 50000 kr. Beløpet tas av allerede innspart beløp ifm at Sivadambassenget har vært stengt.

Kommunedirektøren si innstilling fekk 0 røyster.

Forslaget frå Ole Jørgen Alstadsæter vart vedtatt med 6 røyster, medan 3 røysta for Karen Hognestad Liland sitt forslag (Ap, SV, Kirsten Oma Alstadsæter (H)).

FSK - 017/26 Vedtak:

Formannskapet løyver kr 25 000 til Bryne symjeklubb. Beløpet blir tatt av allereie innspart beløp i samband med at Sivadambassenget har vore stengt.

018/26 : Referatsaker

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 018/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

019/26 : Delegerte saker

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 019/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Eventuelt:

Orienteringar frå kommundirektør Trygve Apeland

Frøyland ungdomsskule og førespurnad frå Klepp om felles ungdomsskule.

Me arbeider med denne og svarar innan fristen 24. mars. Det vil ikkje vere behov for omfattande påbygg. Me snakkar heller om tilpassingar og justeringar i eksisterande bygg. Me har hatt prosessar med Time ungdomsråd, FAU på Frøyland, samt elevråd og personalet på skulen. Prosessane blir ferdigstilte denne veka. Bygningsmessig er det plass til å slå saman Orstad og Frøyland, og det er tilstrekkeleg uteareal både for ungdomstrinn og barnetrinn. Nokre tilpassingar må likevel kunne reknast med.

Kommunedirektøren er positiv til å ha felles ungdomsskule også i dette området, saman med Klepp kommune. Dette vil òg vere positivt for alle elevane på Kvernaland.

Hognestad skule.

Me rettar umiddelbart opp det som er akutt. Branntilsynet – samla estimert kostnad for å rette opp er 2 mill. kr. Nå blir dei avsette ressursane til maling av utvendig bygg, til umiddelbare tiltak. Kostnad: 0,5 mill. kr. Det resterande vil vi søkje å finne løysing på i tertialrapport eller i komande økonomiplan.

Fotball VM og skjenking.

Me legg fram sak for formannskapet i neste møte. Detaljane er ikke avklarte. Me vil sjå kva våre naboar gjer, dette gjeld både Jæren samt Sandnes og Stavanger. Kommunedirektør vil ha ei positiv innstilling.